


10/3445 -2



## Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL - Tlf: 57 62 96 14

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 Oslo

### **Sogn Regionråd krev årlege tiltak mot jerv i beiteområda i Sogn.**

Sogn Regionråd er uroa over dei aukande rovdyrproblema i beiteområda våre. Me krev at den resterande lisenskvoten av jerv i Region 1 vert teken ut årleg ved ekstraordinære tiltak raskast mulig etter lisensjakta er over.

Det er Stortinget som har bestemt at talet på store rovdyr skal aukast i naturen vår. Storsamfunnet har og ansvaret for at rovdyrbestanden vert halden på rett nivå. I fjellområda i Region 1 er det sauene som har prioritet. Det skal, etter staten sine eigne forvaltningsreglar, ikkje vera ynglande jerv i beiteområda våre. Me skal heller ikkje ha "permanente streifdyr" i området. Dette ein trussel for husdyrnæringa. Ein ny beitesommar med så mykje rovdyr vil føra til store tap av sau og lam. Dette medfører mykje unødig lidning for dyra. Skal me ta vare på kulturlandskapet vårt, og landbruksnæringa i utkant-Norge, harstar det å fylgja opp rovdyrpolitikken i konkret handling.

Det har vore stort engasjement kring rovdyrproblema i Indre Sogn dei siste åra. Mange møter, avisoppslag og brev til Direktoratet for Naturforvaltning og politisk leiing i Miljøverndepartementet. Næringa sjølv (sauene) har vore svært aktiv med å melda inn observasjonar, og mange eldsjeler har lagt ned mykje arbeid i dette.

Det er for mange rovdyr i Sognefjella, og me ynskjer at det vert gjort tiltak for at det framleis skal vera leveleg for både bønder og beitedyr i tida framover. Det er ei stor psykisk påkjenning for eigarane på tilsynsrundane om sommaren å finna sundrivne dyr på fjellbeite, dyr som framleis er i live, og der den einaste og dyrevernsmessig rette utveg, er avliving. Med så store tap på beite, med funn av ihelrivne, halvdaude dyr, får dette konsekvensar for dyrehaldet. På dei 10 siste åra har 40 % av sauehaldarane slutta. Det at beitedyra blir borte gir store ringverknader. Landskapet gror igjen, og dette har konsekvensar for reiselivet.

I statistikk frå Fylkesmannen kan ein lesa at det er store jerveskader i fjellområda Leikanger/Sogndal, i tillegg er det jerveskade i Luster, Lærdal og Aurland. Jerven er den største skadegjeraren, og står aleine for 72% av dei erstatta husdyra. Tap av husdyr og erstatningsutbetalingane har auka med ca 40% årleg dei siste tre åra. I fjellområda våre er det observert mykje spor etter jerv også denne vinteren, men ingen av dyra er felte under lisensjakta. Lisensjakt er lite egna til å kontrollera rovdyrbestanden i store og utilgjengelege fjellområde, og det er ekstra vanskeleg, ja, tilnærma umulig, å driva jakt utan å få nytta seg av moderne hjelpemiddel. Me er dessutan godt nøgde med at SNO i år har teke ut tre jervar like etter lisensjakta var over og i tillegg to dyr i april.

Sogn Regionråd ber no leiinga i Miljøverndepartementet om ta skikkelege grep slik at denne kampen ikkje må utkjempast kvart einaste år lokalt.

Denne uttalen, stila til Miljøverndepartementet vart vedteke på Sogn regionråd sitt møte 30. april.

Luster 16. mai 2010

Med helsing

Torodd Urnes  
Leiar Sogn Regionråd

Kopi: Rovviltnemnda i Region 1, Direktoratet for Naturforvaltning, Mattilsynet, Fylkesmann i Sogn og Fjordane, Bondelaget i Sogn og Fjordane, Sogn Avis